



Knarvik Industri og Miljø AS
Kvassnesvegen 52-54
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/731 - 19/8127

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

08.03.2019

Etterlyser årsrapport fettutskiljar - GBNR 188/668 KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport fettutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport var **01.02.2019** (jf vilkår i gitte løyve).

Knarvik industri og miljø har ei drift som krev fettutskiljar. Verksemda har kantinedrift, tilbyr møte/overtidsmat og utleige av selskapslokal.

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har Knarvik industri og miljø As ansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på anlegg ved gbnr 188/668. Dokumentasjon skal vise at anlegg vert tømt iht gitte løyve og at anlegg stettar krav til påslepp på kommunalt leidningsnett.

For anlegg ved gbnr 188/668 skal årsrapporta innehalde følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport,
- dokumentasjon på at det er utført minst 3 tømningar og 2 temperaturlogger for driftår 2018,
- drifts- og vedlikehaldsrapport for anlegg,
- kopi av tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør,
- type anlegg og størrelse på dette, samt
- VA-kart som viser plassering og tilknytningspunkt til kommunalt leidningsnett.

Lindås kommune skal føre kontroll over alle verksemdar som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at verksemdene har anlegg som fungerer slik at ein unngår at fett vert ført ut på leidningsnett og til pumpestasjon/reinseanlegg.

Fett i leidningsnett og pumpestasjon/reinseanlegg medfører store drifts- og vedlikehaldskonstnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Teknisk drift gjer merksam på at fett som avleirast i leidningsnettet kan medføre tilbakeslag av fett/kloakk i bygg. Kommunen er ikkje ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbedring av skader som oppstår under slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: Torsdag 28.03.2019.

Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande rapportering ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn, er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikehaldsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 188/668. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morgan Taule

Mottakarar:

Knarvik Industri og Miljø AS

Kvassnesvegen 52- 5914
54

ISDALSTØ